



Sindre Aksnes -lovande trommeslagar i Uskedalen.

Sindre Aksnes i Uskedalen, som er 14 år gamal, har søkt om Solsikkeprisen for 2010.

Han søker om 20.000 kroner til nytt trommesett.

Han har spelt trommer i 5 år.

Sindre gjekk på trommeundervisning i Odda i eitt år og der lærde han notar og grunnleggande rytmer. I 3 år har han spelt i skulemusikken i Uskedalen og i 1 år i Rosendal Musikklag.

Han spelar og i det nystarta bandet Brazzoka der dei er 9 som spelar sprek brassmusikk, opplyser Sindre i søknaden.

Nyleg vart han også med i HUBB i Hordaland (Hordaland Ungdoms Brass Band)

Heime har Sindre eit nybegynnarsett til 3.400 kroner som han låner av skulemusikken. Dette er forfallent og dårleg. Med eit nytt og betre trommesett vil han få betre øvegleda og slik utvikle seg meir. Men for å få eit nytt sett, treng han støtte til å kjøpe.

Av Ola Matti Mathisen